



Busstreiken vil ramma hardt, ingen ruter gjennom Uskedalen.

**Frå kl. 06.00 i dag er busstreiken eit faktum. Ingen bussar i ordinær trafikk vert å sjå i Uskedalen. Det gjeld all busstrafikk, også skulerutene. Krava til sjåførane går på løn, arbeidstid og sikkerhet. I Skysst sitt rutehefte les vi at Uskedalen har 11 avgangar i kvar retning måndag til fredag. I tillegg kjem skuleskyssen til og frå Steinsletto, Rød og Musland.**

På laurdagen er det fire stopp, sundagen fem stopp. På kvardagar er det tre gjennomgåande ruter til Bergen og fire ruter frå Bergen til Kvinnherad. Nokre ruter går via Haukeland.

Slik Uskedalen ligg geografisk mellom Husnes og Rosendal er bussen viktig. Nokre brukar bussen fast for å koma seg på arbeid. Langt fleire brukar bussen som skuleskyss, både til Rosendal ungdomsskule og til Kvinnherad vidaregåande skule.

Bussar i korrespondanse med snøggåten i Rosendal og på Sunde er viktig for mange. Det gjeld særleg på reise til Bergen og til Helse Fonna og Helse Bergen sine tenester.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal